



Arkivnr: 2018/301-10

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av lån 470 mill. kr

Samandrag

Eit 12-månaders lån på 470 mill. kr i Kommunalbanken forfell den 23. november 2018. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 12-månaders lån i Kommunalbanken. Renta er 1,409 % fram til 22. november 2019.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 470 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders lån i Kommunalbanken. Renta er 1,409 % fram til 22. november 2019.

Ingrid Holm Svendsen
Kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
Kst. fylkesdirektør øk.- og org.

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.11.2018

Eit 12-månaders lån med sertifikatvilkår på 470 mill. kr forfell den 23. november 2018. Renta på lånet har vore 1,04 % siste året.

Det normale er at ein oppnår lågast rente på kortsiktige lån med løpetid på inntil 12 månader. For tida utgjer slike lån 22,7 % av fylkeskommunen sin låneportefølje. Sjølv om fylkeskommunen sine lånebehov er langsiktige, meiner fylkesrådmannen det er fornuftig å ha ein del kortsiktige lån i porteføljen, for å dra fordel av lågast mogleg rente.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt sertifikatlån. For tida er det ikkje så stor skilnad i rente mellom ulike løpetider (3 mnd., 6 mnd. eller 12 mnd.) I utgangspunktet kan det synast gunstig med eit 12 månaders lån. Renta vil då liggje fast gjennom det meste av året 2019.

Ein har likevel bede om å få tilbod også på 6 månaders lån. Grunnen til dette er at marginane brukar å stige litt når ein nærmar seg årsskiftet. Det kan difor vere aktuelt å ta opp eit 6 månaders lån denne gongen, slik at ein får neste forfall i mai. Deretter kan ein eventuelt gå tilbake til 12 månaders lån ved neste fornying.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde, og har fått inn desse tilboda:

	6 mnd.	12 mnd.
Kommunalbanken	1,328 %	1,409 %
Danske Bank Markets	1,400 %	1,450 %
SEB Merchant Banking	1,420 %	1,450 %
DNB Markets	1,394 %	1,454 %
Nordea Markets	1,330 %	
Swedbank	1,500 %	

Kommunalbanken har lågaste tilbodet både på 6 og 12 månader. Med så liten skilnad mellom løpetidene, vil fylkesrådmannen velje eit 12-månaders lån. Dermed er renta sikra for nesten heile 2019.